



Kommunane i Møre og Romsdal

## **Invitasjon til møte om Kompetanseløftet 2020**

**Tid: 30. januar 2018**

**Stad: Hotell Scandic Seilet, Molde**

Vi vil som tidlegare år invitere kommunane til møte om Kompetanseløftet 2020. Vi ser dette som ein viktig møtearena for Fylkesmannen, kommunar, utviklingscenter og utdanningsinstitusjonar.

Morgondagens omsorg og Omsorg 2020 presiserer kor viktig det er med ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste med riktig kompetanse. Behovet for ei heilskapleg tilnærming til stadig meir kunnskapsbaserte tenester for brukarar med komplekse tilstandar er førande for Kompetanseløftet 2020. Dei samla utfordringane til kommunane skal møtast med meir tverrfagleg samarbeid og ein praksis som er meir kunnskapsbasert. For å skape ei heilskapleg teneste i tråd med framtidens primærhelseteneste er **Kompetanseløftet 2020 utvida til å omfatte kompetanse-, fagutviklings- og rekrutteringstiltak for heile den kommunale helse- og omsorgstenesta.**

Fylkesmannen vil informere om status på kompetanse i Møre og Romsdal, samt søknadsprosess og rapportering for Kompetanse- og innovasjonstilskotet.

Utdanningsinstitusjonane er invitert inn for å fortelje om ulike tilbod innan helse og omsorg.

Alle kommunane i Møre og Romsdal har oppnemnt ein kontaktperson for Kompetanseløftet 2020 (sjå vedlagt liste). Dette er praktisk av omsyn til søknadsprosedyre og koordinering av opplæringstiltak i kommunen. Vi ber om at kommunen gjev melding dersom det er gjort endringar når det gjeld kontaktperson, slik at vår liste blir oppdatert og kommunen ikkje går glipp av viktig informasjon. Som samarbeidspart ser vi det som viktig å ha god dialog med kommunane og spesielt dei som er oppnemnt til kontaktpersonar.

**Vi inviterer difor kontaktpersonen og ein person til frå kvar kommune, til møte den 30. januar.**

Møtet vil vare frå kl. 10.00 til 15.00 og det blir servert lunsj.

Påmelding innan 8. januar 2018 på Fylkesmannen si nettside under kurs og konferanse - [Kompetanseløftet 2020.](#)

Med helsing

Marit Hovde Syltebø (e.f.)  
ass. direktør

Eli Mette Finnøy

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:  
Liste over kontaktpersonar  
Program